

Søknad om grensejustering - frå gbnr 172/56 til gbnr 172/171

Skildring av søknad:

Lindås kommune fekk tildelt midlar frå Hordaland fylkeskommune til punktutbetring langs Lurevegen, fylkesveg 402, ved Stokke bru på Seim. Eit av krava var at Lindås kommune skulle vere byggherre og ha ansvar for heile jobben. Det er difor Lindås kommune som står som ansvarleg søker for oppmålinga. Som fullmakt ligg det vedlagt tildelingsbrev frå Hordaland fylkeskommune, vedlegg 13, kor det går fram at kommunen skal ha ansvar for heile prosessen.

Prosjektet gjekk ut på å siktutbetre i ei kurve langs Lurevegen. Det var og behov for ei motfylling for å støtte opp eksisterande veg. Denne motfyllinga vart liggande på eigedom med gbnr 172/56.

Grunnerverv vart avtala med eigar av gbnr 172/56. I avtalen var 85m² avmerka som permanent erverv og 78m² som midlertidig disponibelt areal. Delar av det midlertidig disponerte arealet kunne gå inn som permanent ved uforutsette høve. Areala var merka som førebels og at små avvik kunne forekomme. Bakgrunnen er at grensa mot veg er stipulert og i den samanheng er det vanskeleg å oppgjje eksakt areal ut i frå grense mot veg.

Permanent areal på vedlagt situasjonskart, vedlegg 11, skal målast opp omlag 1 m frå botn av støttefylling og grensejusterast inn på vegarealet til gbnr 172/171, fylkesveg 402 Lurevegen. Det bør takast med i protokoll at det er ynskjeleg å få målt opp grensa mellom veg og eigedom 172/31 der den stipulerte grensa går pr. i dag.

LNF-område:

Vegavdelinga i Lindås kommune legg til grunn at det ikkje er naudsynt å søkja dispensasjon frå LNF i samband med grensejustering langs fv402.

Grunngjevinga er at det grensejusterte arealet er nytta til same formål som som arealet gbnr 172/171 hadde før utbetring av siktforholda langs vegen.